

Audun Gjerde
Straumsvegen 15
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5102 - 20/22156

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2020

Landbruksak gbnr 435/5 Myking - Løyve til bygging abv landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 445/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Audun Gjerde løyve til bygging av omsøkt veg.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

Vedtaket er gyldig til 30.04.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld:

Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 435/5 Myking i Alver kommune. Det skal byggast ca 520m i vegklasse 7, landbruksvegklasse, for å gje betre tilkomst på garden.

VURDERING:

Prinsippa i §§ 8 – 1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom

automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Gode driftsvegar er viktig for både tilkomst og for å gje mindre kjøreskadar på mark og i beite, spesielt i eit våtare klima og landbrukskontoret meiner difor at det er eit godt tiltak.

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr: 20/5102

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Audun Gjerde

Straumsvegen 15

5939

SLETTA